# ELEVDELEN

Unge & Rus er eit rusførebyggjande tiltak med fokus på unge sine haldningar og normer i høve til alkohol.

Unge & Rus tek utgangspunkt i elevane sitt nærmiljø. Elevar, lærarar og føresette er målgruppa for tiltaket.

Unge & Rus er eit nettstøtta tiltak.

Elevaktivitetar står sentralt i gjennomføringa av tiltaket.

Elevane arbeider med følgjande tema:

**Tema i Unge & rus**

- påverknad
- meiningar om alkohol
- bruk av alkohol
- meistring av drikkepress

Elevane gjer m.a. undersøkingar i nærmiljøet, diskuterer korleis dei kan stå imot drikkepress, lagar rollespel og lærer om skadelege verknader av alkoholbruk. I heile perioden med Unge & Rus arbeider elevane med «Elevane si meining», ei større oppgåve der dei vel tema og presentasjonsmåte sjølve.

Tidsbruken i Unge & Rus kan varierast ut frå lokale føresetnader. Erfaring viser at skulane bruker mellom 10 og 30 timar på elevdelen av tiltaket.

# SAMARBEID MED FØRESETTE

Overgangen frå barn til ungdom gir nye utfordringar for dei unge og set nye krav til dei føresette.

Eit godt samarbeid mellom skulen og heimen er viktig for å lukkast i det rusførebyggjande arbeidet. Dette gjeld i høve til tobakk, alkohol og illegale rusmiddel.

Flest mogleg felles haldningar til utfordrande tema gir tryggleik for både barn og føresette i oppsedinga.

Unge & Rus legg opp til to møte med dei føresette.

**www.ungeogrus.no**

ungeogrus.no

## HOVEDMÅLET MED UNGE & RUS ER AT ELEVENE SKAL:

- utvikle kunnskapar og evne til å tenkje kritisk om bruk av alkohol
- styrkje haldningane mot bruk av alkohol
- styrkje evna til å seie nei til rus
- utsetje alkoholdebuten

unge & rus

**Unge & Rus** er eit rusførebyggjande undervisningsprogram for ungdomstrinnet, med tilrådd oppstart på 8. klassetrinn.

**Unge & Rus** har ein eigen oppfølgjar for 9. klassetrinn.

**Unge & Rus** har informasjonsmateriell til foreldre og føresette, som er omsett til fleire språk.

**Unge & Rus** har elevar, lærarar, foreldre og føresette som målgruppe.

Helsedirektoratet

Kompetansesenter rus, Nord-Norge
Rus og spesialpsykiatrisk klinikk, UNN

April 2009